# Årsmelding for 1981.

Me starta opp med polskurs i februar. 30 deltakarar og lærarane var frå laget Lidvin, Aud. Kåre og Oddbjørg. som gjorde ein god jobb. Einar Ese var spele-mann. Kurset var på to dagar, ~~med~~ avslutningsfest om laurdagskvelden. Me hadde dansekveldar utover vinteren men det minka på folka etterkvart. Me starta opp att i haust, men med svært liten oppslutnad om dansekveld-ane, så slutta me med dei for ei stund. Barneleikaringen ~~[illegible]~~ dansa med jamne mellomrom fram til 17 mai. Leidarane har vori Sigrun og Lars, Aud og Oddbjørg. Sverre og Leiv har vori spelemenn. Dei ~~opptre~~ hadde framsyning 17 mai. og spelemennene og felejentene var og med i programmet.

Felespelarane starta opp med 4 dagars kurs hjå Sigmund Eikås i mars. Han spela fyrst med felejentene på ettermiddagen og med dei vaksne om kvelden. 11 fullførde det

kurset. Øvingane fortsette utover våren og starta opp att i haust med éin øving for veka. Trekkspelarane har vori svært så aktive og til saman har dei vori oppei 19 stk på øving. Laget gjorde opptak til eit radioprogram i november. det vart sendt 21 og 22 jan.-82.

Laget kjøpte inn 4 fiolinar. 3 av dei har vori på utlån.

Den ~~planlagte~~ turen ~~til~~ som Sogn og Fjordane ringen i Oslo hadde sett opp hit til oss i august vart avlyst p.g.a. for liten påmelding.

Felejentene var 21. nov. på kurs i Sogndal hjå Jostein Fjærestad. ~~Laget dekkte ellers i 17 nr~~ Laget betalte utgiftene og jentene var fornøyde med turen.

Laget fekk vestlandsmeistaren i kl. C dans i år, i og med at Jorunn Vigdal gjekk heilt til topps i den klassen i Breim i år. Hurra for ho. Jostedals-springaren kom og på topp i B-klassen, der Konrad Espe vart vestlandsmeistar.

Laget spelte til dans 2. juledag i Framheim. og fann der ut at dei måtte ha seg høgtalar anlegg. Spelemennene har derfor teke honoraret dei fekk for ~~dette~~ og for speling i Dølaheimen 30 jan. og kjøpt 3. mikrofonar med stativ til ca kr 3000,- og dei har dei gjeve til laget som ei gåve.

Styret har hatt 4 møter.

Medlemstalet for -81 var, 55

Oddbjørg Pikhaug møtte frå laget på formannsmøte i Askvoll
Dagrun Høyvoll — " — i Breim.

Arbeidsplan for 1982.

Laget har få konkrete planar for dette året. Speløvingane fortset som før med regelbundne øvingar. Det har vori spørsmål frå NRK om ~~å~~ laget maktar å lage eit program i serien „Rundsnu på laurdagskvelden, så der har spelemennene noko å øve til. Sigmund Eikås kjem att, truleg i mars med eit kurs. Det er det same tilbodet som i fjor frå fylkes-laget og me har sagt ja

takk til det. Det har vore snakka litt om eit toradarkurs, men det er ikkje fastsett endå.